

”KONVOI”, kunstprosjekt til Vevringutstillinga 2009, 30-årsjubileum.

A

Bygda Vevring er ein god representant for dei mange småbygder som gjennom generasjonar har hatt fjorden som livsnerve. Fjorden er der til fiske og fangst, til rekreasjon, til fraktefart, - og tidlegare som einaste farbare veg til nabogrenda eller omverda.

Med flo og fjære, gjennom tilsig frå fjell via elvar og fossar, med skifte i vær og vind, vert fjorden ein arena med pulserande og livgjevande krefter.

Denne arenaen nyttar vi i Gruppe MIM til prosjektet vårt ”Konvoi”.

B

Kunstbygda Vevring og Vevringutstillinga har i 30 år teke imot kunstnarar og kunstverk.

Kunstnarar og besøkjande har budd i bygda, delteke på utstillinga, samla inntrykk og røynsler, knytt nye kontaktar, og så reist attende til ulike heimstader og land. Frå dette vesle senteret ved fjorden har kvar av dei omlag 300 kunstnarane som har vore deltakarar på Vevringutstillinga i desse åra, fått med seg ein «liten skatt» i minnet. Samstundes har kunstnarane gitt bygda og alle dei besøkjande til utstillingane viktige opplevingar og røynsler. Vevringutstillinga har blitt ein arena der «alle», store og små, folk med ulik bakgrunn etc, har fått tileigna seg kjennskap til tidsaktuell og viktig kunst, og der kunstnarane er til stades.

I jubileumsåret 2009, er alle desse 300 kunstnarane inviterte til å delta, og 144 har takka ja. Utstillingsarenaer bli bøar, skulehus, låvar, fjøs, fjellsider..... og for oss: fjorden.

C

Gruvedrift i området?

Inneverande år vert det avgjort om det blir gitt klarsignal til oppstart av Europas største bergverksdrift i Vevring. Det gjeld utvinning av rutil bl.a. til titanproduksjon. Vevring og omegn blir direkte involvert. Dette kan føre til store skadeverknader for bygda, fjorden og miljøet. Fjorden vil bli liggande død i over 40 år pga. fjorddeponi av avfallsmasser fra produksjonen.

Bergverksdrifta vil og kunne øydelegge for mange truga dyr og planteartar i området, t.d. makrellterne, kysttorsk og den sjeldne orkideen kvit jomfrukåpe.(jf. Norsk rødliste). Fastbuande, kunstnarar og kunstmiljøet i Vevring er i denne samanheng også ”truga artar”.

Med bakgrunn A, B, og C, presenterer gruppeMIM kunstprosjektet «Konvoi» på jubileumsutstillinga i 2009:

300 små båtar,- same antal som utstillarar på Vevringutstillinga gjennom 30 år,- utforma enkle og stilreine, med segl og kjøl, blir sette på fjorden. Båtane er laga av tre, og segla er kvite slik at dei fangar opp lyset. Vi har lagt vekt på at materialet i båtane er nedbrytbart og uskadeleg for miljøet. Etter at prototyp / modell var utforma, har eit lite, lokalt firma produsert båtane.

Dei 300 båtane blir fyrst sjøsette og halde samla. På den måten gjev dei ei visuell oppleving av styrken i å vere samla, som namnet ”Konvoi” tilseier. I etterkant blir båtane sleppte frå stader der det tradisjonelt går straumar både inn og ut fjorden. Men storparten av konvoien blir slept til utløpet av fjorden og sleppte der slik at fleire kan dra langveges.

Kvar båt fraktar med seg ein liten bodskap med temaet ”truga artar” i lasterommet. Lasterommet er ein nedfelt, liten boks, hermetisk lukka, som i tillegg til bodskap om truga artar, inneheld ein liten skatt. Ein liten pose almefrø, også kalt almepengar, er å finne om bord, For alm er også ein truga

art. GruppeMIM har utforma eit lite kunstverk, eit lite grafisk trykk for kvar båt. Dermed vil den heldige finnar få ei enkel, lita og fin seglskute medbrakt bodskap og skatt. Kvar båt inneheld også ei kontaktadresse slik at finnarane kan gi melding attende til gruppeMIM. Reaksjonar og respons vil vi nytte i vidare arbeid med prosjektet.

Vi er svært spente på kvar båtane hamnar. Vi vonar at mange båtar vil bli funne, og at finnarane er flinke til å gi tilbakemelding.

Gruppe MIM